

# VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

1. Barnehagen er eigd og vert driven av Seim Barnehage SA. dvs. av Seim barnehage sitt samvirkeforetak. At barnehagen er organisert som eit SA, betyr at me er eit samvirkeforetak med avgrensa ansvar. Når de får barnehageplass, kjøper de ein andel på kr. 100,-, som de får refundert når barnet/barna sluttar i barnehagen. Dersom barnehagen skulle gå konkurs, taper de berre denne andelen. Andelsinnskotet skal ikkje forrentast. Eigarane av Seim Barnehage SA er foreldra til borna i barnehagen. Seim Barnehage SA har forretningskontor i Alver kommune.

## 2. FORMÅL

Samvirkeforetaket sitt formål er å på best mogleg måte etablere og drive barnehage i Alver kommune for medlemmane sine barn.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfriheit, nestekjærleik, tilgjenvad, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehagelova §1)

Barnehagen vert driven med eit ideelt, ikkje økonomisk formål.

### **Barnehagen vert driven i samsvar med:**

- a) Lov om barnehagar og Kunnskapsdepartementet sine fastsette forskrifter og retningslinjer til ei kvar tid
- b) Rammeplan for barnehagar
- c) Vedtak i Seim Barnehage.
- d) Årsplan/verksemdsplanar for barnehagen.
- e) Lov om internkontroll og barnehagen sine eige sikkerheits-/internkontrollrutinar.
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

## 3. BARNEHAGEN SINE ORGAN

### 3.1 Eigarstyret

Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for samvirkeforetaket og skal vere eit kontrollorgan for samvirkeforetaket/barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagen sitt øvste organ mellom generalforsamlingane. Eigarstyret vert valt for ein periode på to år av gongen. Halvparten av styret er på val kvart år.

Alle medlemmane av eigarstyret er underlagt teieplikt. Eigarstyret skal bestå av seks medlemmer og to varamedlemmer.

Vedtatt på styremøte for Seim barnehage SA 21.08.08

Sist endra på årsmøte i Seim barnehage 19.03.24

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

### 3.2 Årsmøtet (Generalforsamlinga)

Årsmøtet (generalforsamlinga) er samvirkeforetaket si øvste myndigheit. Det er egne vedtekter for samvirkelaget.

Årsmøtet er laget sin øvste myndigheit og ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av mars månad. Det skal kallast inn til årsmøte med minst 14 dagars varsel gjennom brev til dei som er registrerte andelegarar pr.15 februar. Ved innkalling skal det leggst ved sakliste. Eigarstyret kan kalle inn til ekstraordinært årsmøte dersom det skulle være behov for det og skal då forsøke å halde seg til den ordinære innkallingsfristen på 14 dagar. Dersom minst  $\frac{1}{4}$  av medlemmane krev det skal eigarstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte.

Dersom mindre enn 75% av andelshavarane møter:

For å få godkjend saker på årsmøte må minst 75% andeler vere representert, saker må då ha 2/3 dels fleirtal for å verta godkjend. Dersom mindre enn  $\frac{3}{4}$  av andelshavarane er til stades, kan saker vedtakast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Dette kan eigarstyre godkjenne vist minst halvparten av eigarstyre er til stade.

#### Årsmøte skal ta opp dei følgjande sakene:

- Godkjenning av årsrekneskapen
- Nyting av overskot
- Val av eigarstyre
- Omdanning eller oppløysing

Samt andre saker som etter lov eller forskrift skal opp på møtet.

Dei som sit i valnemnda, får godskrive 2 t dagnad for dette arbeidet pr barnehageår.

### 3.3 Samarbeidsutvalet

- a) Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- b) Samarbeidsutvalet skal bestå av 6 medlemmar.
- c) Eigarstyret, foreldrerådet og dei tilsette vel 2 representantar kvar til SU. Det vil sei at kvar avdeling skal vere representert av ein føresett eller ein tilsett. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.
- d) Dagleg leiar har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet. Dagleg leiar har ikkje stemmerett med mindre vedkomande er valt medlem.
- e) Representantar for foreldreråd og tilsette vert velt for eit år om gongen. Eigarstyret fastset sjølv funksjonstida for eigarstyrerepresentantane.
- f) Samarbeidsutvalet held møter når det er nødvendig, av utvalet sin leiar, av eit medlem i samarbeidsutvalet eller av eigarstyret.
- g) Utvalet sin leiar skriv innkalling til samarbeidsutvalsmøte i samråd med styreleiar. Møtet skal haldast innan 14 dagar etter at utvalet sin leiar har blitt beden om å holde møte.
- h) Ved likt tal stemmer på samarbeidsutvalsmøtet avgjer leiaren si stemme.
- i) Samarbeidsutvalet skal mellom anna behandle årsplanen for den pedagogiske verksemda, bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for

Vedtatt på styremøte for Seim barnehage SA 21.08.08

Sist endra på årsmøte i Seim barnehage 19.03.24

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. Slike saker er mellom anna budsjett, driftsendringar samt utnytting av areal ute og inne.

Dei som sit i barnehagen sitt SU, får godskrive 2 t dugnad for dette arbeidet pr barnehageår.

### 3.4 Foreldreråd

- a) Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heimen og barnehagen.
- b) Foreldrerådet kan be om å få seg førelagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før avgjersle blir tatt. Innkalling til foreldrerådsmøte skjer med 14 dagars varsel og sakliste skal framleggast ved innkalling. Barnehagen sin daglege leiar er ansvarleg for utsending av innkalling til foreldrerådsmøte.
- c) Ved avstemming i foreldrerådet skal ein gje ei stemme for kvar andel og vanlig fleirtalsvedtak gjeld.
- d) Foreldrerådet kan vedta at foreldrebetalinga kan settast høgare enn maksimalsatsen ref §4 forskrift om foreldrebetaling.

### 3.5 Foreldremøte

Det skal holdast minst to foreldremøte i året.

## 4. OPPTAK - OPPSIGELSE

### 4.1 Overordna målsetting

Ved opptak av barn skal det leggjast vekt på at barnehagelova sin formålsparagraf vert ivareteken og barnehagen sin kapasitet og funksjonalitet vert utnytta på best mogleg måte.

Som hovudregel bør barnehagen berre ta opp barn som er busett i Alver kommune. Dersom barnehagen ikkje får fylt opp plassane med barn busett i kommunen kan barnehagen ta opp barn frå andre kommunar som ligg i nærleiken

### 4.2 Tilbod

Barnehagen har følgjande heildagstilbod:

- 100 % - 5 dagar/veke
- 80 % - 4 dagar/veke
- 60 % - 3 dagar/veke

Barn som fyller 1 år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen frå august i samsvar med barnehagelova §12a.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen frå den månaden barnet fyller ett år i samsvar med barnehagelova §12 a.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett.

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

Ved ledig kapasitet i barnehagen kan foreldre/føresette med barn som disponerer redusert plass kjøpe seg einskilddagar i barnehagen. Dette må avtalast spesielt med dagleg leiar eller avdelinga og blir belasta på førstkomande barnehagerekning. Pris per dag er kr 250,-

### 4.3 Prioritering

Dersom barnehagen ikkje kan tilby plass til alle som søker, skal opptak skje med utgangspunkt i den overordna målsettinga (punkt 4.1) og etter følgjande prioritetsrekkefølge:

1. Barn som høyrer til Seim skulekrins skal prioriterast
2. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak i barnehagen, jfr Lov om barnehager §13. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barneverntjeneste § 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.
3. Søsken av barn som allereie har plass i barnehagen med prioritering etter første barns ansiennitet. Under like forhold, vert plassane tildelt ut frå alder på søsken nr 2, der dei eldste barna vert prioritert først.
4. Barn av personalet kan bli gjeven prioritet dersom tilbod om barnehageplass er naudsynt for å sikre rekruttering av kvalifisert personale.
5. Barn som elles står på barnehagen si venteliste. Plassane vert tildelt ut frå alder på 1-3 års avd og 3-6 års avd, der dei eldste ungane i kvar gruppe vert prioritert.

### 4.4 Opptaksmyndigheit

Alver kommune har samordna opptak og Seim Barnehage SA er ein del av dette opptaket. Elektronisk søknadsskjema finn de på Alver kommune si heimeside under barnehagar. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1.mars.

Dagleg leiar lagar ei innstilling i samband med samordna opptak og gjer innstillinga om opptak etter punkt 4.1 og 4.3 ovanfor eigarstyret som fattar vedtak.

Opptak skal gjerast så snart som mogleg etter at det er mottatt ei oppseiing. Ved supplerande opptak i løpet av barnehageåret gjeld opptaket si overordna målsetting; punkt 4.1 og prioriteringslista; punkt 4.3. Tildeling av plass skal skje skriftleg.

Ved tildeling av plass signere foreldre/føresette på at dei har godkjent barnehagen sine vedtekter.

Dersom de allereie har barnehageplass i Seim barnehage, men søker ny plass i anna barnehage i Alver, og takkar JA til den nye plassen, vert den gamle plassen automatisk sagt opp.

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

### 4.5 Klagerett

Søkjarar som har fått avslag på sitt 1. eller 2. val av barnehageplass ved hovudopptaket har klagerett. Klagefristen er 3 veker etter at melding er mottatt eller søkjar burde ha skaffa seg kunnskap om avgjersla jfr § 9 i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Klagen må sendast skriftleg til kommunen og den skal grunngjevast. Kommunen skal undersøkje dei forhold klagen omfattar og føreliggje klagen for barnehageeigar jfr forskrifta § 7 og 8.

Den som får medhald i si klage vil få tilbod om neste ledige plass i barnehagen. Ved supplerande opptak kan berre søkjarar med lovfesta rett til barnehageplass klage dersom dei ikkje får tilbod om plass, jfr forskrifta § 6.

### 4.6 Opptaksperiode

Barnehageåret føl Alver Kommune si skule/barnehagerute.

Barn som får plass i barnehagen, har fast plass ut juli mnd det året barnet byrjar på skulen eller til plassen vert skriftleg sagt opp og andelen løyst inn.

### 4.7 Utleige av plasser

Utleige av plassar kan berre førekomme for eit avgrensa tidsrom dersom særlege tungtvegande grunner skulle tilsei at dette er rimeleg. Særleg tungtvegande grunnar kan t.d. vere at barnet sin forsørgjar miste si økonomiske forsørgingsevne.

Utleige vert avgjort av eigarstyret og kan berre vedtakast for inntil 12 månader av gongen. Utleigeplassen kan bli tilbydd det barnet som har best prioritet etter reglane om opptak.

### 4.8 Oppseiing av plass

Ein andel skal seiast opp skriftleg med 2 månaders varsel. Oppseiingstida blir rekna frå den 1. i førstkomande månad. **Dersom de har ein barnehageplass i Seim barnehage, men søker ny plass i anna barnehage i Alver, og takkar JA til den nye plassen, vert den gamle plassen automatisk sagt opp. Ein treng derfor ikkje levere eiga oppseiing av plassen i dette tilfellet. Tilbakebetaling av andelen vert gjort av økonomiansvarleg på siste faktura før barnet sluttar.** Eventuell skuldig foreldrebetaling vert trekt frå andelskapitalen før utbetaling.

Eigarstyret kan krevje full betaling i oppseiingsperioden. Plassen kan overtakast av eit anna barn i oppseiingstida dersom barnehagen har fylt opp alle sine plassar og det nye barnet som får tilbod om plass, ynskjer å begynne før.

Dersom oppseiing vert levert 01.april eller seinare i barnehageåret, må dei betale ut juni månad

## 5. AREALUTNYTTING

Barnehagen sitt leike- og opphaldsareal er satt til 4,0 kvm netto pr. barn over 3 år og 5,3 kvm netto for barn under 3 år. Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagen sitt totale areal, må likevel vurderast konkret ved kvart opptak. I forhold til arealutnytting gjelder til ei kvar tid "Lov om barnehagar" (rundskriv Q-0902 B).

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

### 6. ÅPNINGSTIDER

Barnehagen held ope fem dagar i veka frå kl. 07.00-16.30. Eigarstyret kan endre opningstida etter føretekte behovsundersøkingar.

Kjernetida i barnehagen er frå kl 09.30-14.30.  
Barna har ei opphaldstid på max 9 timar pr. dag.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julafta og nyttårsafta er barnehagen stengt.

Barnehagen er stengt 5 planleggingsdagar i året. Nærare beskjed vert gjeven i god tid.  
Barna skal leverast og hentast innanfor den fastsette opningstida.

Å hente innanfor barnehagen si opningstid vil sei at barn og foreldre/føresette skal gå ut døra i barnehagen innan kl 16.30.

Ved for sein henting, vert foreldre/føresette belasta med kr 250,- pr påbyrja halvtime.  
Den som hentar må bekrefte ved underskrift at barnet er blitt for seint henta. Beløpet vert lagt til barnehagerekninga for komande månad.

### 7. FERIE

Barnehagen er ope heile året. Alle barn skal ha 4 veke ferie i løpet av året. 3 av desse vekene skal vere samanhengande i perioden frå skuleslutt til nytt barnehageår begynner. Den siste ferieveka skal varslast 4 veker på førehand i ebarnehage når feriedagane skal leggst til skulen sin haustferie, juleferie, vinterferie, påskeferie eller sommarferie. Skal dei 4.ferievekedagane leggst på andre tidspunkt enn dette, skal dei varslast seinast 2 veker på førehand i ebarnehage.

Dersom barn skal ha 3 veker samanhengande fri i dei 4 vekene før skuleferien startar eller i dei 4 vekene etter at nytt barnehageår har starta, kan dei søkje om å avvikle dei 3 vekene i hovudferieperioden enkeltvis (ikkje samanhengande). Fell deler av ferien innanfor fastsett ferieperiode og delar av den utanfor, må dei vekene som ligg utanfor perioden, avviklast på nytt innanfor perioden, men kan søkjast om å avviklast enkeltvis.

Det er ikkje mogeleg å avvikle feriedagar på planleggingsdagar eller heilagdagar, då barnehagen er stengt.

Foreldra skal så snart som mogleg i mars gje melding om når barna skal ha sommarferie, og seinast innan 1. april. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeidar dagleg leiar ferie liste for personalet og plan for sommar drift av barnehagen. Barnehagen sitt samarbeidsutval skal få uttale seg om planen og eigarstyret skal godkjenne den innan utgangen av mai kvart år.

### 8. BETALING

Foreldrebetaling for ein plass i Seim Barnehage SA skal ikkje settast høgare enn maksimalgrensa. Maksimalgrensa blir fastsett i Stortingets årlege budsjettvedtak. Ein betalar for 11 månader i året og juli er betalingsfri månad. Kostpengar kjem i tillegg.

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

Ved fråvær må avgifta betalast. Det vert rekna for fråvær dersom barnet ikkje møter i rett tid etter ferien. Uregelmessig betaling kan forårsake at barnet mistar plassen.

Foreldrekontingenten førefell til betaling den 12. i kvar månad.

Det skal ikkje betalast medlemskontingent for medlemskap i samvirkeforetaket ut over det som følgjer av stykket her.

### 9. MAT

Barnehagen serverer frukost og lunsj og eit fruktmåltid på ettermiddag. Frukost vert avslutta kl 08.30.

Seim barnehage nyttar same kostpengesats som Alver kommune sine barnehagar til ei kvar tid. Redusert plass medføre tilsvarande reduksjon i kostpengar. Kostpengane skal dekke barnehagen sine utgifter til mat og drikke, og regulerast slik at det er samsvar mellom dette. Gjeldande takstar ligg på barnehagen si heimeside.

### 10. HELSEMESSIGE FORHOLD/FRÅVÆR

Dersom eit barn er sjukt eller har fråvær av andre årsaker, må ein gje beskjed til barnehagen så snart som mogeleg. Uregelmessig frammøte utan at det er gjeve melding til barnehagen kan medføre at barnet mistar plassen.

Sjuka eller sterkt forkjøla barn må haldast heime dersom dei utgjer ein stor smittefare.

Dersom barnet ikkje kan vere ute og delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna bør barnet holdast heime. Dagleg leiar avgjer i tvilstilfelle om barnet kan vere i barnehagen.

### 11. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigarstyret er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.

Levering og henting av barna er foreldra/føresette sjølv ansvarlege for. Den som fylgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet. Barnet skal hentast av ein vaksen person som er kjent for personalet i barnehagen. Dersom barnet vert henta av ein annan person enn den/dei som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed frå barnet sine foreldre/føresette om kven som skal hente barnet.

Samvirkeforetaket/personalet har ikkje ansvar for kle eller andre egedelar som barnet har med i barnehagen.

Personalet må ikkje ta med barna som passasjerar i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan at det vert bruk forskriftsmessig sikring av barnet, og at det føreligg skriftleg samtykke frå foreldre/føresette.

## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

### 12. INTERNKONTROLL

Barnehagen skal ha internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta). Dokumentasjon blir oppbevart i barnehagen. Internkontrollperm for helse, miljø og sikkerhetsarbeid er utarbeida for barnehagen og vert kontinuerleg oppdatert av dagleg leiar.

### 13. DAGLIG LEIAR/PERSONALE

#### 13.1 Tilsettingar

Barnehagen sin daglege leiar vert tilsett av eigarstyret. Dagleg leiar representera barnehagen sine eigarar og er barnehagen sin daglege administrative og pedagogiske leiar.

Dagleg leiar rapporterer til samarbeidsutvalet og eigarstyret.

Resten av personale vert tilsett av eigarstyret etter innstilling frå dagleg leiar. Politiattest må leggjast fram ved tilsetting.

#### 13.2 Instruks

Instruks for dagleg leiar vert fastsett av eigarstyret i barnehagen.

### 14. MISLEGHALD

Ved for sein foreldrebetaling, er prosedyren som følgjande:

- 1) 14. dagar etter forfall : 1. purring m/purregebyr og forsinkingsrente m/14 dg forfall
- 2) 28. dagar etter forfall : 2. purring m/purregebyr og forsinkingsrente m/14 dg forfall
- 3) 42 dagar etter forfall : Inkassovarsel m/ 7 dg bet.frist  
Sender i tillegg ut skjema:  
«Avtale om uteståande foreldrebetaling»  
(internt avtaleskjema om nedbetaling) og  
«Søknad om redusert foreldrebetaling i barnehage» (v/Alver kommune for dei med låg inntekt).

Dette som orientering til foreldra.

- 4) 49 dagar etter forfall : Beløpet vert sendt til inkasso.  
Varsel om oppsigelse av bhg.plass vert sendt ut samstundes
- 5) 60-62 dagar etter forfall: Barnet står utan barnehageplass!



## VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA

### 15. DUGNAD

Alle andelseigarar forpliktar seg til å delta på dugnader i løpet av året. Totalt 10 timar pr barnehageår. Einslege forsørgjarar har halv dugnadsmengde – 5 timar – i året. Dei må sjølv melde frå om dette til dugnadsansvarleg. Kvar dugnadstime har ein verdi på kr 400,-

Andelseigarane må betale inn verdien av dugnadsmengda si på forskot – halvparten på haust og halvparten på vår - i september og februar. Det gjeld alle andelseigarane, også dei som har faste dugnadsoppgåver gjennom året. Minst halvparten av dugnadstimane må utførast på hausthalvåret innan 31.12. og resten på vårhalvåret innan 30.06.

Dersom halve dugnadsmengda ikkje vert utført innan 31.12, er det ikkje mogeleg å overføre rest-timar til vårhalvåret. Verdien av evt resttimar vert derfor å rekne som frikjøp av dugnad. Utføre ein meir enn halv dugnadsmengde på hausthalvåret, kan dei ekstra timane overførast til vårhalvåret og trekkjast i frå der. Evt resttimar som ein ikkje har nytta innan 30.06., vert også rekna som frikjøp av dugnad. Når dugnad er utført, vert innbetalte dugnadspengar tilbakebetalt til aktuell andelseigar. Det er mogeleg å velje å betale dugnadsmengda si og ikkje utføre dugnad. Slike inntekter vert nytta til vedlikehald av barnehagen.

Andelseigarane og barnehagen har ei gjensidig plikt til å ta kontakt med kvarandre i høve utføring av dugnad. Andelseigarar som ikkje sjølv har tatt kontakt med barnehagen og ikkje har stilt opp på dugnad når barnehagen har vore i kontakt med dei, vil ikkje få tilbakebetalt evt inneståande dugnadsbeløp ved slutten av barnehageåret

Representantar i barnehagen sitt styre er fritatt for dugnad i den perioden dei sit i styret.

Manglande innbetaling av dugnadsverdi vil kunne medføre oppseiing av plass. Det er dagleg leiar som har ansvaret for dugnad i samarbeid med styret.

### 16. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt etter Barnehagelova § 20 og opplysningsplikt etter Barnehagelova § 21 og 22.

Ein kvar som utføre teneste eller arbeid etter denne lova, skal utan hinder av teieplikt melde frå til barnevernet utan ugrunna opphald når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvikt. Det same gjeld når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller anna alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekka sitt særlege behov for behandling eller opplæring.

### 17. ENDRING AV BARNEHAGEN SINE VEDTEKTER

Desse vedtektene er vedtatt av styret i Seim Barnehage SA 13.september 2011. Eigarstyret har myndigheit til å endre barnehagen sine vedtekter etter at endringsforslag er førelagt samarbeidsutvalet for uttale.

Vedtatt på styremøte for Seim barnehage SA 21.08.08

Sist endra på årsmøte i Seim barnehage 19.03.24

## **VEDTEKTER FOR SEIM BARNEHAGE SA**

### **18. FORDELING AV OVERSKOT**

Årsoverskot skal settast til side til vidare drift.

Årsmøtet (generalforsamlinga) kan vedta ei fordeling av overskotet.

### **19. FORDELING AV NETTOFORMUA VED OPPLØYSING**

Ved oppløysing av samvirkeforetaket skal nettoformue tilfalle ein organisasjon som har til formål og fremja interessa til barn på Seim.